


Trafikktryggleiksplan

Bø Kommune
2013 - 2016



Vedteken av Bø kommunestyre 12.12.2016

Innhald

1. Innleiing	3
2. Forankring i overordna planar	3
2.1 Regional trafikksikkerhetsplan	3
2.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen	3
3. Mål	4
4. Verkemidlar	4
5. Status trafikkulykker	5
6. Skuleskyss	6
6.1 Reglar for skuleskyss	6
6.2 Økonomi	6
6.3 Farlege skuleveggar i Bø kommune	6
7. Framlegg til tiltak	7
7.1 Fysiske tiltak som er kommunen sitt ansvar.	7
7.2 Fysiske tiltak som er fylkeskommunalt eller statleg ansvar	7
7.3 Haldningsskapande tiltak	9
8. Finansiering	9

VEDLEGG:

1. Gamle og nye innspel som ikkje er prioritert i denne planen

1. Innleiing

Kommunale trafikktryggleiksplanar er ein føresetnad for å få fylkeskommunal støtte til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av skuleveg for barn på fylkesvegar og kommunale vegar.

Tiltaksdelen av Trafikktryggleiksplanen for Bø kommune vert revidert årleg, med ei hovudrullering av heile planen kvart 4.år. Gjennom rulleringa kan publikum, skular, barnehagar osb. kome med innspel til prioriteringane i planen.

På landsbasis representerer ulukker i samband med kryssing av veg omlag 77 % av alle ulukker der barn i alderen 6 – 7 år er involverte. Vi har hatt eit hovudfokus på bygging av gang- og sykkelvegar, men desse tala viser at vi i tillegg må prioritere sikring av dei punkta der barn kryssar vegen, særleg nær skulane.

2. Forankring i overordna planar

2.1 Regional trafikksikkerhetsplan

Trafikktryggleiksplan for Telemark 2010 – 2013 er ei vidareføring av Handlingsplan for trafikktryggleik i Telemark 2007 – 2009. Den førre planen fokuserte på FTU si rolle i trafikktryggleiksarbeidet samt midlane FTU hadde til rådvelde og val av satsingsområde i tråd med dette.

Ved utarbeidinga av denne planen har det vore eit viktig mål at planen skal vise eit heilheitsbilde av trafikktryggleikssituasjonen i fylket, og at denne i stor grad blir påverka av korleis vi innrettar samfunnet både økonomisk, miljømessig og når det gjeld trivsel og velferd. Planen viser at vi må tenkje trafikktryggleik i heile vår utforming av samfunnet. Planen tydeliggjer ulykkessituasjonen og formidlar kunnskap om trafikkulykkene. Kunnskapen knytast opp mot hovudutfordringar i Telemark og kva de ulike aktørane kan bidra med i trafikktryggleiksarbeidet. Planen bygger på nasjonale føringar for trafikktryggleiksarbeidet og er førande for dei mange trafikktryggleiksaktørane i Telemark.

2.2 Samfunnsdelen av kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplan for Bø vart vedtatt i 2009. Ny samfunnsdel er under utarbeiding og vil bli vedtatt i løpet av 2013. Gjeldande plan har fylgjande hovudmål og retningslinjer som gjeld trafikksikring:

- Hovudmål 1: *Levande lokalsamfunn – den gode staden å bu.*
Retningsline:
 - *Kommunen skal prioritere trygge skulevegar gjennom å legge til rette for eit g/s-vegnett som gjer det trygt både å gå og sykle i og til sentrum.*
- Hovudmål 2: *Eit livsløp med tryggleik, livskvalitet og trivsel*
Retningsline:
 - *I Bø kommune skal ein aktivt legge til rette for aktivitetar og tenestar som fremjar folkehelsa hos innbyggjarane.*
- Hovudmål 4: *Service-, kvalitets- og miljøkommunen Bø*
Retningslinjer:
 - *Bø kommune skal vere ein aktiv pådrivar mot Statens vegvesen for å bygge ut vegnett og nye g/s-vegar og heve kvaliteten på det eksisterande vegnettet*

- *Bø kommune skal legge til rette for mjuke trafikantar slik at dei skal føle det triveleg og trygt og ferdast i Bø*
- *Bø kommune vil gjennom ein interkommunal miljø- og klimaplan og handlingsplanen knytt til denne, syte for at viktige klima- og miljøtiltak blir gjennomført i planperioden.*

3. Mål

Hovudmålet med planen er todelt og knytt opp mot både trafikkulykker og folkehelse:

- Å halvere talet på trafikkulykker.
- Å gjere skulevegane trygge slik at skuleelvane kan gå eller sykle til skulen

4. Verkemidlar

Det er den einskilde trafikanten som har hovudansvaret for sin eigen tryggleik i trafikken. Når det gjeld barn, så er det dei føresette som har eit slikt ansvar. Kommunen har likevel det overordna ansvaret, saman med Telemark fylkeskommune og Statens Vegvesen for å legge til rette for slik at alle som ferdast i trafikken på ein reglementert måte, skal kunne oppleve ein stor grad av tryggleik.

For å nå dei to hovudmålsetningar har vi følgjande verkemiddel:

- Trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid i barnehage og grunnskule
- Fysiske tiltak på kommunale vegar
- Påverke Statens vegvesen og Telemark fylkeskommune sine prioriteringar for riks- og fylkesvegnettet gjennom areal- og transportplan for Telemark
- Trafikantinformasjon (skilting osv.)
- Arealplanlegging/lokalisering

Av tiltak som kommunen sjølv har full råderett over er haldningsskapande arbeid både i høve til barn, unge og føresette det mest effektive for på lang sikt å betra trafikktryggleiken. Men kommunen har også viktige oppgåver innom dette feltet i samband med arbeidet med reguleringsplanar og skilt- og fartsreglar for det kommunale vegnettet.

5. Status trafikkulykker


I perioden 2008 – oktober 2012 er det registrert til saman 22 ulykker med personskaade på riks- fylkes- og kommunevegnettet i Bø. Av desse er 20 ulykker med lettare skadd, 1 alvorlege og 1 dødsulykke.

Desse grupperar seg som følgjer:

2008 10 ulykker alle lettare skadd, av desse 5 på Rv 36, 4 på Fv 359 (Lundevegen) og 1 på kommunal veg (Gamleveg).

- 2009 4 ulykker alle lettare skadd, av desse 3 på Rv 36.
- 2010 2 ulykker alle lettare skadd på Fv 359 (Lundevegen).
- 2011 4 ulykker alle lettare skadd av desse 2 på Rv 36, 2 på Fv 359 (Lundevegen) og 1 på Fv 152 (Reshjemvegen).
- 2012 3 ulykker der ein drepen, ei alvorleg og ei lettare skadd. Av desse 1 alvorleg skadd på Rv 36, ei dødsulykke på Fv 155 (Gymnasbakken) og 1 lettare skadd på Møllevegen.

Trafikkulykker i Bø kommune 2008 – 2012.



6. Skuleskyss

6.1 Reglar for skuleskyss

Rett til skuleskyss er regulert i Opplæringslova § 7-1. *Skyss og innlosjering i grunnskolen: Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

Etter opplæringslova skal skulevegen reknast «frå dør til dør etter farande veg». Det vil sei at det er den kortaste traseen som til ein kvar tid er farbar som skal reknast. Kva for strekningar som er farleg skuleveg vert definert i denne planen.

6.2 Økonomi

Det økonomiske ansvaret for skyss er regulert i opplæringslova §13-4. Fylkeskommunen organiserer skyss til grunnskuleelevar som har rett til skyss p.g.a. avstand, men kommunen betaler refusjon til fylkeskommunen etter persontakst. For grunnskuleelvar som har ikkje har rett til skyss p.g.a. avstand, men p.g.a. farleg skuleveg, er det kommunen som har både organisatorisk og økonomisk ansvar.

6.3 Farlege skulevegar i Bø kommune

I Bø kommune er fylgjande strekningar definert som farleg skuleveg (innafor 4 km frå skulane), sjå kartutsnitt under:

- Valenvegen (1.-5.klasse) (Bø skule)
- Hegnunvegen frå Hellestad sandtak til og med nr 43 (1. – 2.klasse og 3. -4.klasse vinterstid (15.november – 3. mars)) (Folkestad skule)
- Oterholtvegen frå Langkåshaugen t.o.m. brua over Bøelva (1. til 4. klasse) (Folkestad skule)
- Seljordvegen frå nr. 206 og vestover. Gjeld elevar på sørsida av vegen (8.-10.klasse)
- Vreimsidavegen (1. – 4. klasse) (Folkestad skule)
- Lifjellvegen frå og med nr. 189 (1.-4.klasse) (Folkestad skule)
- Rallevegen (1. – 2.klasse og 3. -4.klasse vinterstid (15.november – 3. mars)) (Bø skule)

Farlege kryssingspunkt:

- Tjønnåskrysset (1. – 2.klasse)

7. Framlegg til tiltak

I denne planen er det naturleg å sette opp ein oversikt over alle tiltak som Bø kommune meiner det er rett og setja i verk for og betra trafikktryggleiken for alle trafikantar. Når det gjeld gjennomføring av tiltak, vil ein kvart år i samband med budsjettvedtaket i Bø kommune måtte ha ei grundig drøfting av kva som skal prioriterast innom dei tildelte rammene.

7.1 Fysiske tiltak som er kommunen sitt ansvar.

Tiltak	Ansvar	Frist
1. Legge til rette for trygg skuleveg frå vest gjennom sentrum i samarbeid med Statens vegvesen. Heile trafikkbildet i kryssområdene Kyrkjevegen, Gullbringvegen, Bøgata, Gymnasbakken og Gamleveg er et viktig område.	Teknisk eining/SVV	Forprosjekt 2017
2. Fortau langs Grivivegen fram til Folkestadvegen.	Teknisk eining	2017
3. Sikre skulevegen/«gåbussutgangspunkt» ved Maurtuva barnehage (fortau, lys).	Teknisk eining	2018
4. Utrede/Etablere mulige fotgjengarovergangar over Gamleveg (Circle K), Hellandvegen (Sønsebøtunet) og FV 155 (Gymnasbakken).	Teknisk eining/SVV	2017
5. Lage av-/påstigingsplassar langs Eikavegen ved Folkestad skulen og utvide parkeringsplass.	Teknisk eining	Forprosjekt 2018
6. Rapport frå RFU om tilgjengelegheit i Bø sentrum gåast gjennom m.o.p. trafikktryggleik for å vurdere kva som er mogleg å utbetre gjennom pålegg eller dialog med eigar.	Teknisk eining	2017
7. Etablere nytt fortau langs Flitavegen (motsett side av dagens fortau).	Teknisk eining	2020
8. Etablere gatelys i Oppheimvegen. Utførast i samband med utbedring av veg og utbygginga av nedre del av Oppheim bustadområde.	Teknisk eining	2020

I løpet av 2017 blir det laga en eigen sykkelplan som vil ta med seg sykkelrelaterte tiltak.

Fysiske tiltak som er fylkeskommunalt eller statleg ansvar

For disse tiltaka kan kommunen bidra ved å påverke Statens vegvesen og Telemark fylkeskommune sine prioriteringar for riks- og fylkesvegnettet gjennom areal- og transportplan for Telemark

Tiltak
1. Etablere gangbru ved Oterholtbrua, samstundes som vegbanen bør utvidast for å tåle tungtransport og transport knytt til landbruket, og fortau langs Oterholtvegen opp til Bergenvegen
2. Gjennomføre tiltak for å sikre skulevegen gjennom sentrum, jf. tiltak nr 1 og 4 i lista over kommunale tiltak.
3. Sikre kryssing av Rv 36 for skuleelevar ved Bø ungdomsskule.
4. G/s-veg langs Valenvegen frå Rv 36 til tidlegare Valen skule (ca 4 km frå Bø skule)
5. Etablere busslomme i kryss Rallevegen-Valenvegen.
6. Ruste opp fortauet langs Gymnasbakken opp til Bergenvegen.
7. Redusere fartsgrensa ved Tjønnåskrysset og Veirudkrysset til 60 km/t og redusere fartsgrense frå 80 til 60km/t frå avkøyrsløse til ny barnehage og studentkro fram til dagens 40 km/t-sone ved gamle Byggmakker.
8. GS-veg frå Verpe til sentrum
9. GS-veg langs Vreimsidavegen fram til 4 km frå Folkestad skule
10. Planlegge g/s-veg vidare frå Mannebru til Gvarv
11. Omlegging av Tjønnåskrysset
12. Omlegging av Veirudkrysset
13. Vidareføre gateløys på Hørte langs Valenvegen frå Sauherad forbi Hegnastykket.
14. Ta initiativ til å få gjennomgått trafikksituasjonen ved Lona på fylkesveg 152 saman med Statens Vegvesen for å sjå på moglege forbetringar

7.2 Haldningsskapande tiltak

Tiltak	Ansvar	Frist
1. Etablere «gåbuss» frå Nordbøåsen f.o.m. 2.klasse	Rektor Bø skule	Årleg
2. Gjennomføre aksjonar for å få elevar til å gå/sykle til skulen. Foreldrekyring takast opp som tema i dialogen mellom skule og heimane.	Rektorane	Årleg
3. Sette inn tiltak for å sikre frisisiktsone i bustadfelt generelt og ved skuler spesielt	Teknisk eining	Årleg
4. Bruke <i>Trygg trafikk</i> sitt opplegg til undervisning som knytast til praktiske døme i nærområda, gang- sykkelveggar og liknande	Rektor Bø og Folkestad skule.	Årleg
5. Bruke <i>Trygg trafikk</i> sitt opplegg til undervisning som knytast til praktiske døme i nærområda, gang- sykkelveggar og liknande	Styranane i barnehagane.	Årleg
6. Sykkelpøve i 4. klasse	Rektor Bø og Folkestad skule.	Årleg

8. Finansiering

Fysiske tiltak må finansierast over investeringsbudsjettet. Der kommunen har sett av egne midlar til å gjennomføre trafikksikringstiltak, kan ein søke tilskot frå trafikktryggleiksmidlane som Fylkestrafikktryggleiksutvalet deler ut kvart år. I tillegg kan det vere aktuelt å samarbeida med foreldregrupper, velforeiningar, grendeflag o.l. om gjennomføring av konkrete tiltak.

VEDLEGG 1

Gamle og nye innspel som ikkje er prioritert i denne planen

Nedanfor er gamle og nye innspel til trafikksikringsplanen som ikkje er prioritert ført opp.

Riksvegar og fylkesvegar:

- *Rv. 36 mellom Sauherad og Seljord.*
 - Farlege kryssingspunkt
 - Fartsgrense 50 km/t ut frå Bø sentrum vert forlenga ned forbi innkøyringa til Automobil A/S, eller minimum forbi innkøyringa til Napaståbygget.
 - Kryssløysing Mannebruvegen – Gvarvvegen medbusslomme
 - Sikring og utbetring kryssingstad av RV36 ved Napastå.
- *Lundevegen (Fv. 359)*
 - Forlenging gatelys frå Veierud til Tjønnås
- *Folkestadvegen Bø – Reshjem (Fv. H 152)*
 - Farlege kryssingspunkt
 - Svært vanskeleg trafikksituasjon ved Lona
 - Forlenging 60 km fartsgrense forbi avkjøringa til Telemarkshallen.
 - Midt- rabatt i krysset Reshjemvegen/Lifjellvegen.
- *Lifjell*
 - Vurdere fartsgrense for Lifjellvegen gjennom hytteområde.

Kommunale vegar

- *Sandvinområdet*
 - Bygge fartsdemping ved Sandvin.
- *Sentrum*
 - Sette opp gjerde ved Bøevju ved gangbru over RV36.
- *Livegen*
 - Gatelys i Brekkune i samband med framtidig utbygging i Breskelia.
- *Andre*
 - Innføre 40 km/t fartsgrense i alle bustadområda samt utføre opprydding av skiltinga generelt.
 - Fleire fortau og gateljos.
- *Ved skulane*
 - Trafikkfarlege situasjonar i samband med at føresette skyssar elevar.